

Heilt klart UHØRT

Denne saka skulle eigentleg handle om det forrykande showet UHØRT stelte i stand, men då bussen bestemte seg for å ikkje fare innom Vatne (på veg til Brattvåg), blei alt litt vanskeleg.

Det er laurdag ettermiddag, og journalisten står på busstoppen med blokk, penn, kamera og lommebok. Klar for å ta bussen, som skulle ha vore der for ti minutt sidan. Klar for julekonsert med ungdomskoret UHØRT på ID-huset.

Det er veldig kaldt ute, om trent sju minusgrader, og frostrøyken er verkeleg til stades. Etter eit kvarter med venting på bussen, får Haramsnytt ut-sending ein viktig telefon, der følgjande beskjed blir desperat lagt fram:

– HÆ? No skjønner eg ingenting. Bussen valde å ikkje køyre innom Vatne, seier kompisen som akkurat har gått på same buss i Tennfjord. Han får høyre av sjåføren at bussen vart så forseinka, så Vatne måtte utelatast i den vanlege køyreruta. Sidan eg ikkje kunne ta mopedden på grunn av kulda, og foreldra var på ein annan konsert, vart det ingen råd å få. Neste buss gjekk klokka ni.

Fullt hus

Konserten byrja klokka sju, og ikkje før etter klokka åtte fekk journalisten, med litt flaks, føtene i Brattvåg. Då var det heller ikkje særleg morosamt å finne store delar av publikum på veg ut av Ingebrigt Davik-huset. Konserten var nettopp ferdig.

Storsalen hadde vore heilt full, og alle dei 300 bilettane var



GJENGEN UHØRT-gjengen og Venke Knutson (i bakgrunnen) etter å ha sunge for fullsatt sal på id-huset. Ane Myklebust Skjelten var ikkje tilstades når biletet blei teken. Foto: Pauline Neergård

utselde på førehand. Her var rørte foreldre med tårer i øyekrokane, og stemninga var ikkje til å ta feil av. Dei 17 kormedlemmane fekk mykje skryt av publikum, og det verka som konserten hadde vore overraskande bra for mange. Pynta i glitrande toppar, sjarmerte UHØRT publikum med flotte soloar, koring og dans, og siste innslag, «Born This Way» vart sunge til gongar. Då reiste publikum seg frå seta,

klappa og var heilt med, i følgje nokre av kormedlemmane sjølv.

Suksess

– Det var heilt fantastisk! Dette er nok den kjekkaste konserten eg har vore med på, fortalde Dyon Buitenkamp etter konserten. Han er framleis einaste hanen i flokken, og er ofte sikra ein solo eller to. Denne gongen med kjendisen Venke Knutson i ein vakker duett.

– Det var kjempekjekt å synge med Venke. Ho er ein veldig open og jordnær person, så det var ikkje det minste skummelt, gliste Buitenkamp og verka strålende fornøgd med kvelden. Venke Knutson skrytte sjølv av korsongarane, og takka dei for eit godt og kjekt samarbeid.

Rundt henne svirra det massevis av unge og vaksne, nokre på veg bort til gjesteartisten for å få autograf og bilde, andre for

å rydde av scena, og resten av kormedlemmane diskuterte høgløyd det dei nettopp hadde vore med på. Fleire nemnde at neste gong blir det to konsertar, sidan dette var ein så stor suksess. «Det er jo eit supert tiltak», tenkte journalisten, med tanke på eventuelt meir busskluss i framtida.

PAULINE NEERGÅRD
ung@haramsnytt.no



DUETT

Venke Knutson i duett med Dyon Buitenkamp. Foto: Evy Skarvøy Lien

Knallsterk julekonsert av UHØRT

KONSERT: Det var 17 skinnande stjerner i storsalen ved Ingebrigt Davik-huset laurdag kveld. Stjerner som lyfta oss opp og fylte oss med nydelege musikalske opplevingar. Vokalgruppa UHØRT gjorde sin fyrste julekonsert, og vi håper verkeleg det ikkje blir den siste.

Med kledeleg 50-talsstil, knallgode vokalprestasjonar, ungdommeleg sjarm og bøttevis med energi laga dei ei fram-syning som lokka fram både latter, tårer og gasehud hjå ein fullsett sal.

Allereie under opningsnummeret sette dei standarden for musikken og konseptet sitt. For UHØRT er noko utanom

det vanlege. Her er det tempo, dans, skodespel og kule mouver kombinert med vokalprestasjonar heile vegen.

Sceneshowet var så tettpakka med handling at vi mest ikkje rakk å trekke pusten mellom innslaga. Dei rolege låtane kom så brått og nydeleg at tårane trilla hjå dei fleste. Innlevinga frå ungdommane på scena var så varm og ekte at publikum let seg rive med.

Motivator og leiar for UHØRT, Turid Skjelten vil gje alle ein plass i rampelyset. Hennar filosofi er å lyfte ungdommane stadig høgare, få dei til å gnistre og stråle, samt kjenne på følelsen av at dei kan og meistarar.

Den filosofien kan vi trygt slå fast at ho har lukkast med. Ho er også skrive ein av songane som vart framført, One Night Before Christmas.

Gjesteartist var Venke Knutson, som med både vokal og stil smelta perfekt saman med UHØRT. Saman med eminente lokale musikarar var ho med på å gje voklagruppa ein endå sterkare glød. «One night before christmas» vart ein annleis julekonsert, akkurat slik det vart lova i programmet, og alle vi som var der vart sterkt berørt.

EVY SKARVØY LIEN
evy.lien@haramsnytt.no